

# Referat frå møte i Grendautvalet i Vats

## Onsdag 4. febr. 2009 på Vats skule

Desse møtte: **Ingunn Skosheim Ohm, Gro Karin Velde, Åsmund Kalstveit og Jon Olav Velde (Severin Fatland hadde meldt forfall)**

**Dessutan var desse innbedne for å orientera om sak 1.**

1. **Alf Ole Bull Tornø, frå landbrukskontoret i Vindafjord**
2. **Alf Egil Vaula, leiar i Bondelaget**
3. **Harald Olav Stuhaug, ansvar for SMIL-midler**
4. **Joar Haugland, leiar i grunneigarlaget.**

### **Sak 1. Overvakingsprosjekt av Vatsvassdraget som er sterkt forurensa.**

Åsmund Kalstveit orienterte fyrst om kva han har gjort i denne saka. Han har kontakta Astri JS Kvassnes i NIVA (Norsk institutt for vannforskning) som nå er engasjert med vassprøvar og testing av Vatsfjorden i 6 år framover i forbindelse med AF Decom sin aktivitet på Raudnes.

Åsmund hadde fått pris på prøvetaking av vatnet i elvane som renn ut i Vatsvassdraget – Vatsvatnet og Landavatnet og ut i Åmselva. Det er omlag 7 – 8 elvar som renn ut her. For Åmselva kjem det på nærare 30 000 kr. og for prøvetakingsprogrammet for alle elvane kjem prisen opp mot 100 000 kr.

**Harald Olav Stuhaug** som har ansvar for SMIL-midler som skal delast ut, sa at så stor pengesum kunne han ikkje gi til dette.

SMIL står for ”Spesielle Miljøtiltak I Landbruket” Dette er penger som skal gi økonomisk støtte til gjennomføring av jordbrukets kulturlandskap og redusera forurensing.

Han såg for seg eit samarbeid med Vindafjord kommune og Jærvassdraga. Det skal vera eit møte her tysdag 10/2 mellom desse der alle bønder er inviterte til å vera med.

**Alf Ole Bull Tornø** som er på landbrukskontoret i Vindafjord, var heilt samd i dette.

Han meinte difor at det var ikkje naudsynt å trekka NIVA inn her sidan Jærvassdragsprosjektet ville vera med å ta naudsynte prøvar. Her kunne kommunen og SMIL-midlene dekkja prøvetakingsutgiftene.

**Joar Haugland** som leiar i grunneigarlaget, var oppteken av opprensing og mudring av Åmselva ved utløpet av Vatsvatnet og nedover ved Kårhus. Dette ville ha stor betydning for at ikkje vatna ved flaum stig over alle bredder ved dei flate eigedommane som ligg nede ved vatna. Det ligg ein tinglesen avtale om at dette skal gjerast og haldast ved like. Joar skal skaffa kart og papir som Bull Tornø skulle få for å kunna dokumentera denne retten.

**Alf Egil Vaula** som er leiar i Bondelaget var også svært interessert i å få gjera noko med denne forurensinga som landbruket står for. Bondelaget blir trekt inn som ein samarbeidspart i dette. Det blir gjeve tilskot til utstyr til miljøvennleg gjødsling

**Konklusjon:** Grendautvalet fekk ein god informasjom om dette prosjektet som nå ser ut til å bli ein realitet. Håpar folk møter opp på folkemøte/infomøte på tysdag 10/2. Det er heilt naudsynt å gjera noko med vassdraget som gjennom mange år er blitt overgjødsla – stor algeoppblomstring kvart år når varmen set inn.

## **Sak 2. Eiga heimeside for Vats.**

Det forpliktar mykje å oppretta ei eiga heimeside. Nettstaden skal ajourførast og det må avklarast kven som skal få tilgang til stoff og kva som skal inn.

Det bør vera ein redaktør og ein redaksjon som får ansvar og drifta denne.

Ingunn har snakka med fleire om å ta ansvar, men mange er skeptiske til å ta på seg det store ansvaret og arbeidet dette krev.

**Vedtak:** Det blir kalla inn til eit eige møte om denne saka der desse blir inviterte:

1. Sivert Ole Holten, han har ansvar for Vikedal si heimeside
2. Marit Eikehaugen, ho har ansvar for Bjoa si heimeside
3. Bjørn Morten Stokk, han er interessert i å få i stand ei heimeside for Vats
4. Bjarte Vårvik, ein kyndig datamann på Vats skule.

Det blir møte på Vats skule onsdag 18/2 – 09 kl. 20.00 om denne saka.

Jon Olav tek kontakt med desse og inviterer dei til møtet.

## **Sak 3. Kommuneplanen – arealdelen.**

Jon Olav har snakka med Øyvind Valen som har ansvaret for denne planen.

Han skal laga eit høyringsutkast til planen som me får tilsendt om ikkje så lenge.

**Vedtak:** Kjem attende til denne saka.

## **Sak 4. Ungdomshuset ”Haugatun” i Nedre Vats.**

Severin jobbar med denne saka. Det blir eit møte i Ungdomslaget om ikkje lenge.

Då vil det bli ei avklaring på kva som skal gjerast med dette falleferdige huset.

## **Sak 5. Vedlikehald av Vindafjordhallen.**

Alf Egil Vaula som er leiar i Partslaget, sa at kommunen skal betala utgifter til maling, takpanner m.m. som trengs nå. Kommunen har fått pengar av ”Krisepakken” frå staten.

Kven som skal gjera arbeidet, er ikkje avklart endå.

I framtida er det Partslaget som skal ha ansvaret for alt vedlikehald ute og inne.

## **Sak 6. Ymse.**

### **1. Turkart for heile kommunen – ut i det fri ”Frisk i friluft”**

Kulturkontoret har nå sett i sving ei gruppe som arbeider med eit eige turkart for heile kommunen. Her skal alle bygder vera med og leggja forholda til rette for turstiar/turløyper som er skilta og merka og som skal merkast av på kart. Det blir laga ein felles mal for merking og skilting. Det blir også laga fargekodar på stiane alt etter ”vanskegraden” stien har :

Svart – hard og bratt tur

Raud – hard tur for born

Blå – fin familietur

Grøn – tur tilrettelagt for sykkel og barnevogn

Grendautvalet vil gjerne at NUTAFANT-turane som speidarane har hatt i mange år, blir med i dette opplegget.

**Jon Olav møter på eit møte om denne saka på Rådhuset på måndag 9/2 – 09.**

På dette møtet er også bondelaga, småbrukarlaga, reiselivslaga og idrettsrådet innkalla i tillegg til grendautvala.

## **2. Kva med arbeidet i grendautvalet?**

Me må sjølv avgrensa vårt engasjement i saker som me blir involvert i.

Me bør vera ein katalysator som hjelper til med å få ting på plass og bringa saker inn til rette fora som så overtar arbeidet vidare. Viss ikkje kan me koma til å strupa oss.

Me veit heller ikkje kor lang periode me er valde for. Dette må me få avklart og korleis eit nytt grendautval skal veljast.

Øvre Vats 4/2 – 09

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-